Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamalt engkultur

Oppskr. av: P. O. Bergland

(adresse): Åmdalsverk

Fylke: Telemark

Herad: Mo

Bygdelag: Skafså

Gard: Bergland

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Olav O. Bergland (far min) f. 1833. Bonde

SVAR

1. Eng heitte alt gras som var i hevd, d.v.s. gjödsla. Det som ikkje var i hevd heitte finn eller skrap (finnslått, skrapslått). Akre og attlege er kjent her. Det vart brüka om jörd som ein gong hadde vore åker. Dei sa: Leggje att åkeren, når dei let han gro til med gras. Det same seier me no og, når me sår til ein åker med engfrö. Det heiter: tykkeng, hevdehöy, hevdegras og der dei gjödsla med falle heitte det: taddeng. Utslått vart og er brüka her i bygda; men ütslåtten vart deila i: finnslått, skrapslått, myrslått etter som lende og graset var. Det vart ikkje brüka anna enn stuttorvljå her alt til maskinone kom. Langorv er lite brükt enno.

2. Det var helst i håballen dei rüdde slåtteland. Dei kalla haugane: kviste-haugar eller

4203

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
4203

ogso troshaugar
kvistedungar. Kvisten brende dei og oska vart liggjande der haugen brann. Arbeidet med å hogga og reinska jordstykket vart kalla: å rydja. Dei steinane dei rådde med, rudde dei som regel burt; men dei store låg att til sprengtoet kom og lenge etter det. Det er i dei siste tjuge åri at dei byrja taka dei største steinane. I utslåttone ligg dei framleies.

3. Mosvaksi eng gjödsla dei helst rett kraftig til mosen kom burt. Mosen toler ikkje hevd, sa dei gamle. Eg har ikkje höyrt dei sådde grasfrö på slike stader. Når dei la att ein åker, var det sume som tok höyfrö i löda og sådde det; men dei fleste let det vera med god gjödsling. I gamal tid var ikkje grasfrö å få kjöpt. Det er fyrst i dei siste 50 åra det er gjort. Frå det fyrste var det berre nokre få.

4. Gröfting av myr har lenge vore brukt. Vass-sjuk jord elles, vart sjeldan utgröfta. Litt vatning vart bruka når gjödsla var spreidd om våren.

5. Vintergjödsel til eng har vore bruka frå gamal tid. Tia er umogeleg å fastsetja no. Dei gjödsla fyrst åkrane

med vintergjödsel. Det som
vart att, brukka dei på enga.
Nokon viss part vart aldri bru-
ka. Åkeren fyrst og so enga.
All slag mökk vart brùka på
enga; men saùtàllen vart rek-
na best. Styrken på enggjöds-
linga var etter som dei hadde
mykje eller lite gjödsel. Noko
visst lassetal var det ikkje.

6. Det heitte hevdegras so lenge
det stod på rota; men når
det var slege heitte det hevde-
höy, ogso hevdefor.

7. Fjös, stall og W.C. skulde
setjast soleis at det var lett
og godt å få renna ùt for lan-
det som dei sa. Dei kalla det
hevdedraget og. Eit godt hev-
dedrag var mykje verdt på
ein gard. Fraù var vistnok
kjent, men lite brùkt. Dei an-
dre er ùkjende. Åkrane låg
mykje i bakkar, men det var
vel helst for at der var varm-
aste og mest drivande. Hevde-
draget tenkte dei visst mindre
på; for dei hadde ùtslåttor
nok.

8. Enga vart gjödsla helst om
våren, men det vart no gjort
om haùsten og. Det vart brùkt
same slag reiskap som til åkeren.
Gjödsla la dei i småe haùgar. Desse

4203
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
4203

haugane spreidde dei med ei lita rekü av tre. Den vart kalla: lorte-reke (hokyn). Andre gamle reidskapa kjenner eg ikkje til. Det er omlag 50 år sidan dei gjekk av brük.

9. Dei beitte enga om våren i gamal tid. Det var helst forløysa som var årsaka. Sume meinte at enga vart tjukkare av vårbeiting; men sume trüdde det var skade. At dei beitte for å gjödsla har eg aldri höyrt. Dei beitte over alt både haust og vår. Inga engmark vart spard.

10. I den siste mannsalderen er vårbeiting av enga vorte heilt slütt. Men haustbeiting vert enno brükt over alt; men ikkje so hardt som för.

11. Gjödsla i beitet vart aldri spreidd. Lorteklübbe, mykjaklübbe er kjent her. Lorteklübba var gjord på same skapa som spjatten i Setesdal. Lorteklübba brüka dei til å spreida gjödsla på setastöylane (der dei sat med kröteri om somrane)

12. Mange hadde vårfjós; men berre eitt. Gjödsla spreidde dei på same måten som på enga, og helst om hausten.

13. I gamal tid brükte dei vistnok å gjerda dei inn. Det vart kal-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

la grind eller bugard. Den siste var större. Dei vart flutte.
14. Noko slikt er ikkje brukt i siste 60–70 åra; men det var visst brukt i gamal tid. Dei kalla det å grindfara jordet. Ei grind var laga av to stolpar. På dei slo dei hun omlag 2 m. lange. Vanta dei hun, bora dei holor i stolpane, laga so til stenger 2–2,5 m. lange; småyggde ein ende i kvar stolpeyspita dei til so dei sat stött. Fire stenger i högda. Gjödsla vart slege ut over når grinda var flutt. Grindfaringa er heilt slutt no. Kva tid den gjekk av bruk er vandt å seia: Det slutta ikkje alle med ein gong. Far brukte det ikkje; han byrja for seg sjölv i 1861.
15. Det var noko dei kalla: bjönneskrame, ogso skrubbeskrame; men korleis dei såg ut, veit eg ikkje visst. Truleg var det ein fillemann.
16. I gamal tid låg det vakt ved bugarden eller grinda. Det var helst budeia som vakta. Ho låg i kvii eller kvibu, eit lite hus på meiar. Det var ikkje större enn at ein kar kunde velta det. Halvor Hågås f. 1842 fortalde at unggutane hadde stor moro av å lyfta kvii på

4203

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

skakke og skremme gjenta som låg inni. Vilde ho ut, lyfte dei endå högare.

17. Har aldri höyrt noko om det.

18. Er ukjent her.

19. Stöl helst stöyl er brukt i same meining som sæter her. Namnet sæter vert sjeldan brukt. Tröde, træet er kjent. Det vert brukt om eit stykke der det har vore bugard eller grind. Er det seinare vorte til åker, har han same namnet, altso træ.

20. På sætrane hadde dei ikkje inngjerdt slåttemark. Stöls-slåtten er det omlag heilt slutt med. Det vantar folk, og so vert det for dyrt. Folk her er ikkje redde om det er tungt; men det må bera seg eller vera lönsamt, og det er ikkje stöls-slåtten no, knapt nok slåtten på heimeböen.

21. Oske vart brukt til gjödsel. Dei ströydde ho ut med handa. Det andre er aldri brukt her. – Men dei samla bys, lauv og rusk og la i ei dyngje. Dyngja vart brukt på åkeren. Det var sers god gjödsel; men dyngja var for urein til bruk på eng.

4203

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
4203

Telem. Mo.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Vaaret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

**Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?**

**Har ein bruka kumøkk til brensel ?**

1. Slik vassbering er ikkje brukt her i bygda.
2. Her har i alle tider vore nok av ved, so eg har aldri höyrt at fiskebein, fiskehovud eller kumök er bruka til brensel.

2701
NORSK ETNOLOGISK GRANSKI